

# Naturvernforbundet i Troms

## ÅRSMELDING 1998

Styret i *Naturvernforbundet i Troms* har i år vore sammensett slik:

leiar	Ragnar Grape	styremedl.	Marianne Iversen
styremedl.	Anny Eriksen	styremedl.	Svein Kåre Simonsen
NU	Kaja Nordby		
vara	Eilif Nilsen	vara	Hans Prestbakmo
vara	Adrian Skogmo		

Aktiviteten i *Naturvernforbundet i Troms* har vore svært låg i året som har gått.

Dette kjem av eit samvirke av uheldige omstende: Etter at Svein A. Lie var ferdig med siviltenesten ved kontoret i 1997, var det uråd å finansiere ny fylkessekretær på grunn av økonomikrisa i *Norges Naturvernforbund*. *NV i Troms* lånte 50.000 kr til *Norges Naturvernforbund*, samstundes har *NNV* ikkje vore i stand til å betale ut kontingentdelen til fylkeslaga.

I tillegg har styret ikkje fungert. Dette skyldast i første rekke at leiar har hatt for travel kvardag til å makte oppgåvene for *Naturvernforbundet*. Resten av styret har heller ikkje vore aktive for å halde verksemda i gang. Styret har halde tre styremøter.

Prosjektet "Trygg Mat", som *NV i Troms* starta, som ein følge av TV-aksjonen'96, i samarbeid med FIVH, har halde aktivitet oppe også etterat Espen Seierstad slutta i stillinga. Sjå eiga årsmelding.

*Naturvernforbundet i Troms* har \* medlemmar ved siste oversikt.

I Troms har *NV* 7 lokallag: Nordreisa, Storfjord og Balsfjord, Tromsø, Målselv, Bardu, Lenvik og Harstad. Særlig i Lenvik har ein jobba jamt og trutt. I Tromsø har arbeidet tatt seg opp att i løpet av året. Ellers er ein del enkeltmenneske aktive i naturvernarbeidet; her utmerkar Hans Prestbakmo seg med jamt arbeid i høve til ymse instansar og ikkje minst i media. Mest gledelig med tanke på framtida er at Natur og Ungdom har mange flinke og ivrige ungdommar som tar oppviktige naturvernsaker og gjør naturvern synlig i media.

Sentralstyrerepresentanten vår og landsstyrerepresentanten vår arbeidde begge aktivt for å berge *Norges Naturvernforbund* ut av den økonomiske krisa. Vi opplevde at *NNV* på landsplan har to fløyer med sterke motsetningar. Den eine fløya arbeidde aktivt i media med å så misstillit til leiaren Heidi Sørensen. Etter fleire kampvoteringar fikk Heidi fleirtall mot seg i Landsstyret, og valde då å trekke seg. Som ei følge av desse "tumultane" trekte Sentralstyrerepresentanten vår seg.

Fløya som då vann og fikk fleirtall i Sentralstyret, la Heidi S. sitt budsjett for dei innstrammingane som sia er gjennomførte i *NNV* sentralt. *NNV* gikk etter dette med monnelig overskot i 1998.

*NV i Troms* vil etter dette kunne sjå lyst på økonomien framover, då vi kan rekne med å få betalt tilbake både lån og skyldig kontingent frå *NNV*.

Aktiviteten har som kjent vore på botnmål. Økonomien er derimot frisk og gjer eit godt grunnlag for nytt styre til å arbeide vidare på.